

Kommentarar til Miljøpartiet De Grønne sin Høyringsuttale på kraftverka i Høydalen.

Innledning:

”inngrep som er irreversibelt i eit tusenårsperspektiv”

Dette var no vel å ta munnen for full.

Generelle synspunkt

Artsmangfald:

” verdien av småfisk i elvane ser ikkje ut til å vere vektlagd”

Problemet er at nesten ingen fiskar denne fisken. Den vert mange og den vert liten. Avrenninga frå jordbruket minkar og næringstilgangen likeså.

For 40 år sidan kunne ein få ”kreder” på 20-25 cm, no er det heilt urealistisk.

Linjekapasitet:

Å krevje oversikt over produksjon i kvar enkelt månad framover viser berre kor lite kunnskap som er om dette. Langtidsvarselet når ei veke fram i tid.

Beredskap: Er ikkje vår oppgåve, men er gjerne med på eit samarbeid med Nettselskapet for å sjå på problemet.

Høydal Kraftverk har kjøpt inn dieselaggregat på 60 kW for å forsyne sine kundar ved straumbrot.

Kontrolltiltak under utbygging:

Er det vår oppgåve?

Andre Næringsinteresser:

Mangel på kunnskap. Vatnet kan brukast til oppdrett, det er ikkje ”oppbrukt”.

Dei kan til og med sleppe å bygge eit dyrt inntak i elva.

Vi har meir enn nok med å vere visjonære med kraftutbygging, det er ein krevjande prosess.

Men vi samarbeider gjerne om andre næringsinteresser tek kontakt.

Om Kraftverka:

Skulle likt å vist om dei ville stille seg positive til inngrep frå den alternative næringsvirksomheita, når den måtte kome.

Og om ny næringsverksemd er meir lønsam enn kraftutbygging, vert kraftverket nedlagt umiddelbart.

Styreleiar i Høydal Elektrisitetsverk AS

Gunnar Høydal